- Regionkonsulenten og Atle Moen deltok på møte i avlsrådet og et samtidig møte med spælringene på Gardermoen i oktober.
- Regionkonsulenten organiserte dommersamlinger på Snåsa, Gjermundnes og Agdenes for de tre fylkene.

Regionkonsulenten og regionutvalget har gjennom året hatt omfattende kontakt via e-post og telefon.

## Semin

Det var noe arbeid i forbindelse med inntaket av seminværer i regionen. Følgende værer ble tatt inn til semin fra region Midt i 2009:

NKS:

Vær	Oind	Far	Morfar	Ringnr-avd	
				Prøve	2009
200565312 KLETT-SAKK	130	200280236 SAKARIAS	200169111 ORKELTOPP	204- 11	1-1

<b>200661235</b> NISJAPILTEN	<b><u>143</u></b>	200126549 BRAUTE	200280239 KORNELIUS	183-1	1-1
<b>200765133</b> TURBO	<b><u>132</u></b>	200327474 LIPO	200169185 SJURIN	203-1	1-1
<b>200765139</b> TURE	<b><u>136</u></b>	200327474 LIPO	200169185 SJURIN	203-1	1-1
<b>200770043</b> REFF SKISTAD	<b><u>144</u></b>	200670038 RAMAR SKISTAD	200270031 ANKAR HELGEMOEN	226-1	1-1
<b>200770052</b> RAMP SKISTAD	<b><u>136</u></b>	200570047 REKS SKISTAD	200025086 BRATTHUS	226-1	1-1
<b>200863545</b> EGGUM BØEN	<b><u>135</u></b>	200555911 SAK EGGUM	200061130 MORIAN	192-1	1-1

Spæl:


Vær	Oind	Far	Morfar	Ringnr-avd	
				Prøve	2009
<b>200762020</b> BALTASAR	<b><u>126</u></b>	200460657 NORDVIKEN	200364237 KOMPIS	189-1	1-2
<b>200770405</b> LEKTOR ROSTEN	<b><u>149</u></b>	200474016 LEIAR AUNE	200370437 HEKTOR SKILJÅSAUNET	226-2	1-2
<b>200770431</b> HEKK SOLVANG	<b><u>137</u></b>	200570418 HEKK SKISTAD	200170419 HEKK BREMBU	226-2	1-2

Indeksene er fra siste indekssjøring i november 2009. Indeksene ved inntak til semin (august 2009) har endret seg for en del av værene. Region Midt er en god leverandør av seminværer til Staur. Spesielt gledelig er det at vi i 2009 også leverte mange NKS.

## Avlsarbeidet i regionen


Avlsframgangen har vist en stigende tendens i hele landet. Dette gjelder også de fleste ringene i region Midt. Medlemmene i ringene gjør en stor innsats for få en størst mulig avlsframgang. En avlsframgang som spres til alle sauebønder, også de utenom ringsystemet.

### SPÆL: Utvikling i O-indeks - alle granska værer



For spæl ser vi at region Midt er den ledende i landet og har hatt en jevnt stigende indeksutvikling. Det er verdt å merke seg at indeksene på spæl stiger mindre enn for NKS, sjøl om årlig framgang har bedret seg de siste åra.

## NKS: Utvikling i O-indeks - alle granska værer



For NKS er regionene nå så å si like, men det skjuler seg store forskjeller mellom ringene, innad i hver region.

## Kåringene

Kåringene har vært gjennomført som et samarbeid mellom regionkonsulent, Fylkesmennenes landbruksavdelinger i Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag, Møre og Romsdal fylke og fylkenes avlsutvalg. Samarbeidet fungerte slik at timeplan for kåringene og utnevning av kåringsdommere skjedde på møter i avlsutvalgene. Videre utsending av papirer og omrøkkeringer av praktiske årsaker, ble gjort av regionkonsulenten. Betaling av dommere og regnskapsføring for avlsutvalgene, er gjort av fylkene.

Stereolupa er det vanligst instrumentet for påvisning av marg. Selve gjennomføringene av kåringene ble gjort på vanlig solid vis.

Under følger statistikk for de tre fylkene.


### Møre og Romsdal

Kåringssted	Bedømte		Kåra		Kåra på disp		Vraka	
[Gardskåring]	20	100%	15	75%	2	10%	3	15%
Barstadvik	15	100%	14	93%	0	0%	1	7%
Fræna	74	100%	64	86%	1	1%	9	12%
Haram	26	100%	25	96%	0	0%	1	4%
Herøy	36	100%	26	72%	2	6%	8	22%
Rauma	39	100%	36	92%	0	0%	3	8%
Rindal	10	100%	9	90%	1	10%	0	0%
Stranda	49	100%	29	59%	10	20%	10	20%
Sunndal	56	100%	41	73%	1	2%	14	25%
Surnadal	53	100%	47	89%	1	2%	5	9%
Todalen	2	100%	2	100%	0	0%	0	0%
Vistdal	43	100%	35	81%	1	2%	7	16%
Ørsta	66	100%	57	86%	0	0%	9	14%
Ålvundeid	7	100%	6	86%	0	0%	1	14%
<b>2009</b>	<b>496</b>	<b>100%</b>	<b>406</b>	<b>82%</b>	<b>19</b>	<b>4%</b>	<b>71</b>	<b>14%</b>
<b>2008</b>	<b>676</b>	<b>100%</b>	<b>553</b>	<b>82%</b>	<b>11</b>	<b>2%</b>	<b>112</b>	<b>17%</b>
<b>2007</b>	<b>612</b>	<b>100%</b>	<b>499</b>	<b>82%</b>	<b>3</b>	<b>0%</b>	<b>110</b>	<b>18%</b>

Undersøkte sauekadaver 2009

Dødsårsak:

- Gaupe
- Jerv
- Kongeørn
- ☆ Rev
- ★ Hund




**ERSTATNING FOR ROVVILTSKADE PÅ SAU OG LAM I MØRE OG ROMSDAL FOR ÅRA 2006 - 2009 FORDELTE PÅ KOMMUNAR**

Erstatning gitt etter følgende sannsynleggjorte årsakar:


Kommune	Tal søknader			Bjørn			Jerv			Gaupe			Kongesørn					Utbetalt i kroner			
	2006	2007	2008	2009	2006	2007	2008	2009	2006	2007	2008	2009	2006	2007	2008	2009	2006	2007	2008	2009	
Gjemnes				1																	
Halsa	3	1	1												2			2 359			
Nesset	20	23	18	27	74	107		128	523	252	390				3	3	202 706	1 161 161	808 913	868 179	
Norddal	9	6	5	4				43	55	20	28		6				77 544	105 393	37 163	73 938	
Rauma	34	43	32	28	80	98		343	792	365	428				1	1	557 911	1 815 769	987 114	834 267	
Rindal	4	6	3	8				107	76	54	17	37					220 491	143 701	96 868	95 229	
Sande	1												2				2 313				
Stordal	3	4						64	9								92 201	12 905			
Stranda		3		2					35						2	1		62 997			1 390
Sunnadal	20	19	16	13		30		304	362	318	256						494 520	653 908	675 564	501 488	
Surnadal	15	13	14	18				157	175	134	271	3	2				253 501	313 247	254 912	548 622	
Sykkylven	7	5	1	2								5									8 760
Vestnes	5	2						100	17								158 666	24 449			
Ørskog		1																			
Ørsta				1											2						2 640
<b>Sum:</b>	121	126	91	103	0	154	235	0	1246	2044	1143	1390	6	0	0	53	2 059 853	4 295 889	2 863 174	2 931 873	

### Erstatning for jerveskade på sau 2006 - 2009 i kommunar i Møre og Romsdal






### Erstatning for rovviltskade på sau i Møre og Romsdal 1995-2009



### Tal erstatningssøknader i Møre og Romsdal 1995-2009



### **ORGANISERT BEITEBRUK/ RMP, Tilskot til beitelag**

Om lag 72 % av sau/lam i Møre og Romsdal er registret i denne ordninga i 2009. Organisert beitebruk omfattar berre dyr på utmarksbeite. Det kan verke som om det har blitt meir vanleg å ha dyr på inngjerda beite, både for å hindre tap, og for å pleie kulturlandskapet. Dette kan vere årsaka til at tilslutninga om OB har gått ned frå om lag 80%.

Det vart søkt om tilskot til 31 investeringar i beitefelt, og løyvd til saman kr. 901 049 i 2009. Det kan vere litt tilfeldig kva som blir klassifisert som tilskot til investeringar i beitefelt i ulike kommunar, så dette talet kan ikkje utan vidare samanliknast med summene som tidlegare vart utbetalt til beitelaga.

61 beite-/sankelag frå Møre og Romsdal søkte om driftstilskot i 2009. Blant desse er Svartådalen beitelag der beitebruket buri i Sør- Trøndelag, men har dyra sine på beite i Trollheimen.

#### **Statistikk frå Organisert beitebruk/ tilskot til beitelag (Møre og Romsdal):**


Beiteår	Ordinært tilskot	Sau		Lam		Geit/kje		Storfe/hest**	
		Sleppt	Tapt	Sleppt	Tapt	Sleppt	Tapt	Sleppt	Tapt
1995	402 066	54 501	1 219	81 228	5 642	753	25	2 235	22
1996	392 409	54 757	1 293	80 848	8 572	737	38	2 206	24
1997	516 452	52 768	1 471	78 035	6 449	834	32	2 734	20
1998	618 355	49 626	1 363	74 164	7 296	1 471	45	3 591	34
1999	598 155	48 421	1 242	70 628	7 262	1 919	71	3 683	27
2000	598 510	46 232	1 050	67 413	5 876	1 760	83	3 470	33
2001	577 625	46 310	1 120	68 493	6 295	1 562	43	3 326	17
2002	583 865	47 942	1 296	67 639	6 038	1 970	60	3 326	18
2003 *	465 240	39 438	1 198	59 446	6 177	667	17	3 771	40
2004	523 440	41 155	1 159	62 632	6 357	1 046	53	3 734	22
2005	450 764	41 867	1 284	64 391	6 413	2 773	38	4 522	49
2006	538 203	40 325	1 273	61 854	6 838	2 129	38	4 815	31
2007	519 004	39 414	1 535	60 779	7 261	1 963	40	4 421	54
2008	502 720	37 406	1 125	56 378	5 887	2 240	24	4 846	31
2009	500 745	37 555	1 182	57 932	6 872	2 123	15	4 462	42

\* Statistikken er basert på 53 av 64 beitelag


\*\* Hest kom med i statistikken frå 2005

Satsane for ordinært tilskott per dyr vart uforandra for beitesesongen 2009, kr 5,- per sau/lam/geit, og kr 12,- per storfe/hest.

## Tapsoversikt, % lammetap i ulike fylker:



## Utvikling i lammetap (%) 1970- 2009



## ”Beiteprosjektet” 2009

I Møre og Romsdal er det gjennomført beiterelaterte prosjekt i 3 år. Dei to siste åra er prosjektet støtta med midlar over jordbruksavtalen, tildelt frå SLF. I 2007 og 2008 var prosjekta prega av å vere mest reine tilsynsprosjekt, der det vart lagt vekt på auka tilsynsfrekvens for å finne att kadaver, for raskt å kunne fastslå tapsårsak. Resultata viste at dette var vanskeleg, funnprosenten var låg, 7% i 2007 og 9% i 2008, til tross for at det vart nytta radiobjeller for å lokalisere flokkane. Det viste seg at det var svært vanskeleg å finne daude lam, sjølv om søyene var utstyrt med elektroniske sendarar. I 2008 fekk vi i noko avgrensa omfang høve til å ta blodprøver av sjuke dyr. Det vart teke blodprøver frå 35 besetningar med store tap. Prøvene vart i stor grad tekne av friske lam, og det vart og gjort analyser for å fastslå bakteriestatus. I alle besetningane bortsett frå ein, vart det påvist antistoff frå bakterien *Anaplasma*, som er årsak til sjukdommen ”Sjodogg”. Denne sjukdommen svekkar immunforsvaret til lamma og gjer dei mindre motstandsdyktige mot andre infeksjonar. Funna frå 2007 og 2008 styrka hypotesa om at flåttoverførte sjukdomar er ei svært viktig årsak til store tapstal på Vestlandet.

I 2009 fekk vi gjennom beiteprosjektet høve til å gå vidare med kartlegging av statusen for sjukdomsframkallande bakteriar i sau. I tillegg vart det løyvd midlar til vidare arbeid med å finne svar på årsaker til den fotosensible sjukdommen *Alveld*- som forårsakar store årvisse tap i mange beiteområde i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane spesielt. Det er gjort eit intenst arbeid dei siste 12 åra, spesielt i regi av Universitetet i Oslo, for å leite etter årsaks-samanhengen, og no er det grunn til å tru at ein nærmar seg eit svar.

### **Flått-overførte sjukdomsbakteriar**

Det vart dette året vald å gå systematisk inn i færre besetningar (10 stk) for å kunne gjere meir detaljerte undersøkingar. Det vart teke eit stort tal blodprøver, og desse er sendt til analysering i Sverige og England. Analysearbeidet er ikkje ferdig, men resultata vil bli publisert så snart dei er klare. Beiteprosjektet 2009 har tydeleg vist at flåttoverførte bakteriar er svært utbredt, dei fører til store tap, samtidig som dei fører til lågare tilvekst på lamma, som også har stor økonomisk betyding for det økonomiske resultatet til gardbrukarane.

### **Alveld**

Beitesesongen 2009 gjekk inn i historia som eit ”alveld-år, der svært mange tilfeller av sjukdommen vart oppdaga. Den rådande hypotesen om kva som er årsaka til alveld, er at lamma får i seg blågrønnbakterier (cyanobakterier) deponert i ein biofilm som er svært utbredt i fjellssidene på Vestlandet. Bakteriane siv ut i drikkevattnet til dyra. Biofilmen kan også forekomme på beiteplantene. Desse bakteriane verkar fotosensibiliserande. Romeplanta har truleg framleis ei rolle i sjukdomskomplekset, som det vert forska på. Det finnast fleire typar av desse cyanobakteriane, Mysterud snakkar om ”Halsa- kvintetten”. Det vart samla inn prøver frå ca 30 dyr, dei fleste i andre område enn dei 10 forsøksbesetningane, sidan alveld ikkje vart påvist i like stor grad der. Det vart også teke prøvar av vatn kvar veke for følgje med i utviklinga. Prøvene vil vere ferdig analyserte innan 1. april.

Alveld er ein sjukdom som opptrer med kompleks variasjon når det gjeld område og tidspunkt. Ein veit ikkje korleis beitesesongen vil bli på førehand, sjølv om enkelte område er meir utsett. Teorien om blågrønnbakteriar som årsaksfaktor er svært godt i samsvar med desse observasjonane. Feltobservasjonane og prøvetakinga er no slutført. Det står att ein del analysearbeid for å for å finne kjemisk struktur til metabolittane som fører til sjukdom.

Det er ikkje mogleg å finne fornuftige forebyggande tiltak mot alveld før ein kjenner årsaka. Vi har tru på at arbeidet som pågår vil gje oss eit svar i løpet av få år.


## **Resultat**

Lammatapa i 2009 var i samsvar med tidlegare år svært høge. Tapsprosenten varierer ein del, med eit snitt på hhv 24, 18 og 23 % i tidsrommet 2007- 2009 . I tillegg til tapa, kjem reduksjon i tilvekst som fjølge av bakterieinfeksjon. Dette fører til betydeleg dårlegare lønsemd i produksjonen.

Rovdyrproblematikken er så langt vi veit ikkje stor i desse områda, med unntak av beiteområdet i Isfjorden, der ein årvist kan dokumentere tap til jerv. Situasjonen er svært kritisk for sauehaldet i fylket dersom vi ikkje finn løysingar.

Det har vist seg gjennom forsøk i 3 år at utvida tilsyn i liten grad fører til auka funnprosent av kadaver. For å styrke kartlegginga, har det dei siste to åra vore brukt radiosendarar og lammemedaljongar frå Telespor AS. Resultata viser at radiobjellene var nyttige for å kartlegge kor dyra beita, men dei var mindre nyttige når det galdt å finne daude dyr. For å bøte på dette, vart det i 2009 prøvd ut lammemedaljongar i større skala. Vi hadde 348 radiobjeller og 400 lammemedaljongar i bruk fordelt på 10 besetningar. Lammemedaljongane fungerte ikkje som planlagt, om lag 70 % av medaljongane fell av lamma grunna dårleg festemekanisme, og på mange fungerte heller ikkje elektronikken. Vi hadde soleis inga nytte av desse under prosjektet. Gjenfinningsgraden auka likevel til 14 %, frå 9 % i 2008 og 7% i 2007. Tala er ikkje heilt samanliknbare, sidan dei i 2007 og 2008 gjeld heile beitelag, medan vi i 2009 plukka ut 10 besetningar. Det vart funne 53 kadaver av totalt tapt 375 dyr. Funnprosenten varierte mykje mellom besetningane.

Tapsårsaker som vart påvist på funne kadaver (53 stk) fordelte seg som følger:



Ein stor prosentdel er framleis ukjent. Når det galdt gjenfinningsgrad av kadaver og påvising av tapsårsaker, var ikkje prosjektet vellukka. Analyseresultata så langt gjer oss likevel enda sikrere på samanhengen mellom flåttoverførte bakteriar, store lammetap og redusert produksjon i form av lågare tilvekst. Dokumentasjonen gjeld dei aktuelle beitelaga i Møre og Romsdal, men det er all grunn til å anta at materialet har generell relevans, med unntak av beiter i Nord- Norge, innlandet og høgt til fjells.

Aktuelle tiltak er vaksinasjon, utval for motstandskraft, førebyggande behandling og risikovurdering av beiteområde. Det er von om at det kan utviklast vaksine på sikt.

Ikkje alle beiteområde er egna for sau. Smittepresset av flåttbakteriar kan truleg vere svært lokalt, slik at smitte kan unngåast dersom ein klarar å halde beitedyra borte frå desse områda. I vidare framdrift, er det ønskeleg å ha fokus på tiltak som kan gi *gode resultat på kort sikt*. Slike tiltak kan vere **risikovurdering av beite** og **utvida vaksining mot sekundærsjukdommar**. Dersom aktiviteten på dette feltet blir utvida i 2010, vil Møre og Romsdal Sau og Geit vere viktige samarbeidspart. Endeleg rapport frå beiteprosjektet 2009 vil bli lagt ut på heimesida til fylkeslaget og til fylkesmannen.

## Geitekontrollen 2009

Fylke	Tal buskarar i kontrollen		Tal årsgeiter		Årsgeiter pr. buskap	
	2009	2008	2009	2008	2009	2008
Møre og Romsdal	28	41	3377	4585	120,6	111,8
Sogn og Fjordane	55	65	5085	5970	92,5	91,8
Hordaland	18	29	1354	2250	75,2	77,6
Landet	295	372	26249	32242	89,0	86,7

**NB! I 2009 er det teke med kun dei besetningane som har fått årsutskrift.**

**Krav for å få årsutskrift i 2009 er min. 5 kontrollar og 3 analyser.**

**Tidlegare år har minimumskrava til årsutskrift vore min. 1 kontroll.**

**Dette er årsaka til den store forskjellen i tal medlemmer i geitkontrollen i 2008 og 2009.**




**Middeltall for avdrått, kraftfôr-forbruk og mjølk produsert på beite for heilårsbuskarar med min 5 kontrollar og 3 analyser.**

Middel pr. årsgeit

Fylke	Kg mjølk Pr. årsgeit	% prot	% laktose	% fett	Kg PLF	Lev. i % av kvote	Fem Kr.fôr Pr. Årsgeit	Fem krfôr Pr. 100 Kg mjølk	% mj prod på beite	Tal beite-dagar
Møre og Romsdal	646	3,00	4,31	3,66	73,62	94,7	303	47	41,0	129
Sogn og Fjordane	679	3,02	4,30	3,79	77,95	93,6	305	40	50,5	153
Hordaland	691	3,10	4,35	3,84	82,11	93,5	390	46	35,4	127
Landet	685	3,03	4,32	3,79	80,25	92,6	312	41	37,5	120
Landet i fjor	691	3,05	4,40	3,77	83,1	90,0	295	38	34,8	114

Produksjonsresultata er ikkje direkte samanliknbare med tal for tidlegare år p.g.a. nye krav for å berekna årsresultat. ( årsutskrift) I 2009 var det berekna for høg årsavdrått p.g.a. mangelfull rapportering av avlating hos 85 medlemmer i geitkontrollen i landet.


## % av geitekontrollmedlemmer med årsutskrift som mangler helsekortopplysninger




Rapportering av helsekortopplysningar er svært viktig for å kunne fylgje helseutviklinga i geitbuskapane i landet. Møre og Romsdal er eit av tre fylker med svært god innrapportering ev helseopplysningar.

## Møre og Romsdal er det fylket som har størst gjennomsnittleg kvote pr. bruk.

### Kvot, liter geitmjølk




Gjennomsnitt Landet: 2009: 56 487 2008: 53 347 2007: 50 220



## Elitemjøl, % av volum

■ HK distrikt    ■ Regioner    ■ Fylker    ■ Ikke sanert    ■ Sanert     Landet  
▲ 2007    ◆ 2008    — Snitt 2007    — Snitt 2008    — Snitt 2009



Mjølkekvalitet, målt i % elitemjøl av volum er noko svakare enn i 2008. Hovudårsaka er svakare resultat for iinnhald av frie fettsyrer i mjølka. 73 % av mjølka i Møre og Romsdal vart klassifisert som Elitemjøl, mot 84 % i 2008.



## ÅRSRAPPORT GEIT I VEKST 2009

**Geit i vekst er eit treårig prosjekt som starta 01.01.07. Prosjektet er eigd av Sau og Geit og er retta inn mot geitehaldet i dei tre fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.**

**Ola Søgnesand er tilsett som prosjektleiar.**

Prosjektet er treårig og skulle gå fram til 31.12. 2009. Med bakgrunn i at prosjektleiar frå juli 2008 også har vore tilsett som Tinerådgjevar for geitehaldarane i Indre Sogn, har prosjektet blitt forlenga med eit halvt år, finansiert av Tine Vest.

Hovudtrekk når det gjeld arbeidsåret 2009 er at områda bygningar og sjukdomssanering har vore viktige og tidkrevjande område. Kvar enkelt sak krev at ein brukar tid på gardsbesøk og planlegging, og seinare oppfølging av tiltaket.

I tillegg til området for Geit i Vekst, har prosjektleiar vore på oppdrag både i Tine Midt, Aust og Sør. Det er eit vilkår at det blir skaffa ekstern finansiering av utgifter til lønn, reise og opphald for å ta slike oppdrag.

**Prosjektleiar finn det rett å gjere ei kort oppsummering av heile prosjektperioden i årsmeldinga i år.**

**Ei meir omfattande oppsummering ligg på heimesida til prosjektet. [www.tinevest.no](http://www.tinevest.no)**

### **Kompetanseutvikling**

Prosjektleiar har god kjennskap til geitehald gjennom lang erfaring som geitebonde. I tillegg har han gjennom heile prosjektperioden delteke på kurs og aktuelle fagsamlingar. Prosjektleiar har også gjennomført Tine si omfattande opplæring kalla Rådgjevarløftet.

### **Sjukdomssanering**

Prosjektleiar er regional koordinator og fagleg rådgjevar i prosjektet "Friskare geiter".

Det har vore arrangert 17 lokale møte om sjukdomssanering. I tillegg har sanering vore tema på fleire fagsamlingar i regi av Geit i Vekst.

Prosjektet har gjeve tilbod om gardsbesøk for vurdering og rådgjeving om nødvendige tiltak i samband med sanering. Slik kan ein få svar på kva saneringa vil føre med seg av arbeid og kostnader. Andel sanerte/påmelde geiteflokkar i Tine Vest var 25 % i 2006, ved utgangen av 2009 er 68 % av geitmjølkbuskapanen i Tine Vest sanert eller påmeldt for sanering.

## Bygningsplanlegging

Mange som sanerer, gjer samstundes eit val om å satse aktivt på geitehald. I andre høve gjer trongen for fornying og modernisering av fjøsen at produsenten vel å sanere, slik sett heng desse områda tett saman.

Det er stor interesse for fornying, påbygging og ombygging av driftsbygningar og investeringar som gjer tilhøva betre både for geitene og røktar.

Prosjekt Geit i Vekst har til no arbeidd med 33 bygningsprosjekt innanfor prosjektområdet og 12 prosjekt utanfor området. I tillegg til dette har prosjektleiar i samarbeid med "Friskare geiter" hatt gjennomgang av ytterlegare 25 driftsbygningar i samband med rådgjeving om sanering. I løpet av prosjektperioden er det gjort avtaler om til saman fire visningsfjøs i dei tre fylka..



## Landskapspleie med geit og kje

Prosjektet har samarbeidd med FMLA i Sogn og Fjordane om å gje ut eit rettleiingshefte for landskapspleie med geit og kje. Heftet finn ein m.a. på heimesida til Geit i Vekst

Vidare har ein samarbeidd med prosjektet "Frå kratt til kroner" på Sunnmøre .

Ein har også vore med å skipa andelslaget "Pyntegeita" i Ørsta kommune

Prosjektet har i tillegg hatt rådgjeving om landskapspleie med geiter og kje, som t.d. "Geiter i byn" i Førde.

## Kjøttproduksjon

Prosjektet har samarbeidd godt med Nortura for å få til best muleg vilkår for produksjon av kjekjøtt. Gjennom mange år har det vore betalt ein betre pris for kje mellom 3,5 og 7,0 kg innafor bestemte klassar. Den øvre grensa på 7 kg fekk ein fjerna i 2008. Då opna det seg m.a. mulegheiter for å nytte kje til landskapspleie før dei blei sendt til slakt. I jordbruksavtalen for 2008/2009 vart vektgrensa for tilskot til kjeslak gjennom jordbruksavtala auka frå 3, 5 til 5,0 kg. til stor frustrasjon blant kjekjøttprodusentane. Geit i Vekst gjorde eit omfattande arbeid for å få grensa justert tilbake og under siste jordbruksavtale vart 3,5 kg grensa gjeninnført.

## Mjølkeproduksjon

Den store avskalninga av geitmjølkbuk var den viktigaste grunnen til prosjektet Geit i Vekst, og eit viktig mål for prosjektet var at regionen skulle klare å halde oppe sin relative del av gjeitmjølkeproduksjonen i landet. Det har i prosjektperioden framleis vore ein nedgong i tal produsentar, men nedgongen er bremsa kraftig opp. På same tid har regionen auka sin relative andel av produksjonen frå 32,5 % i 2006 til 35,7% i 2008. Dette viser ei positiv utvikling, og tyder på optimisme i næringa!

## Heimeside

Prosjektet har eiga heimeside på [www.tinevest.no](http://www.tinevest.no) der det vert lagt ut fagstoff og informasjon om aktivitetar i prosjektet. Her er det også gjestebok, så det kan vere mogeleg å få debattar og innspel på ulike tema knytt til geitehald. Kor vellukka debattsidene blir, heng saman med kor flinke geitehaldarane er å nytte seg av gjesteboka.

## Oppsummering

Frå starten av prosjektet og fram til no har prosjektleiar hatt mange interessante oppdrag og utfordringar, og prosjektet er blitt godt kjent i regionen. Stundom har det vore ei utfordring å få gjort arbeidet innafør rimeleg tid men så langt har ein ikkje registrert klager eller missnøye. Den store aktiviteten som har vore på fleire områder gjennom prosjektperioden syner at det er eit stort behov for målretta tiltak opp imot geitenæringa.

Førde 25.01.2010.

Ola Søgnesand  
-prosjektleiar-

## Årsmelding MRGL 2009

Eit nytt år har gått med høg og god aktivitet. Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 4 lokale gjetarhundlaga, og samansetninga har vore:

- Odd Bjarne Bjørdal, leiar
- Hilmar Kleppe/Tor Garshol
- Susanne Osnes
- Sunniva Nupen
- Arnfinn Lien

Det har vore halde 3 styremøter + eit på telefon der dei viktigaste sakene har vore skipinga av eit varig fylkeslag, samordne prøvar og arrangere Fylkesmeistarskap.

Kvart lokallag har halde både ett og flere kurs for både nybyrjarar og vidarekomne. Fylkeslaget har halde ett kurs. Det har vore 10 prøvedagar i fylket i året som har gått, med fleire prøvar kvar dag, og på dei prøvene har det vore 169 startar med hund/førar. Det er 18 nye godkjende hundar i fylket

- GRATULERER !!

Atle Arnesen med Heide vart fylkesmeister.

5 hundar deltok i NM i Mosjøen.

Odd Bjarne Bjørdal

Leiar MRGL

## **Beste vær,bukk og gjetarhundekvipasje i 2009**

### **Beste Vær:**

200661237- Aurhøruggen.

Oppdrttar: Bjørg og Stein Kåre Nisja Gjøra.

Væren har stått i ring 183: Ålvundeid-Todalen-Sunndal.

Væren fekk og den nasjonale avlsstatuetten som landets beste vær i sin årgang.

### **Beste Bukk**

Nr 2007701 Arne

Avlsverdi 159. Kasingenstatus 5 (ikkje nullx ikkje null)

Eigar: Einar Arne Stennes 6190 Nordangsfjord.

### **Beste gjetarhundekvipasje:**

Fylkesmeistar 2009. Atle Arnesen Syvde med hunden Heide.

Atle vann og i 2006 med same hunden





## **Innstilling frå Valnemda.**

På valg:

Leiar Inger Johanne Tafjord

Styremedlemmane Olav Sørstrand og Sidsel Holte Ramsøy.

Varamedlemmane Astrid Tronstad Dyrkorn, Arnfinn Sandøy og Helga Krangenes.

Revisorane Håvard Folden og Thor Ringsby og vararevisor Magne Dalhe.

Valnemda har snakka med alle aktuelle kandidatar. Sidsel Holte Ramsøy seier frå seg attvalg.

Valnemda foreslår fylgjande:

Leiar: Inger Johanne Tafjord. (1 år)

Styremedlemmar for 2 år : Olav Sørstrand (attvalg) og Solfrid Holm frå Rødvendalen sau og geit.  
(ny)

Vara for 1 år Attvalg på alle. Dvs i rekkefylgje :1 Astrid Tronstad Dyrkorn, 2 Arnfinn Sanøy og  
3. Helga Krangnes

Revisorar for 1 år: Håvard Folden og Thor Ringsby.

Vara for 1 år: Magne Dahle..

Leiargodgjeriing, styregodtgjeriing og reiserefusjon som før. Dvs. kr 12000 for leiar,1000 for kvart  
styremedlem og leiarar i undergruppene (avlutvalg sau)

Her må ein vurdere om leiar i MRGL skal ha godgjeriing frå Mrsg.

**Sidsel Holte Ramsøy har takka nei til attvalg.**

**Styret vil takke ho for godt arbeid i dei 4 åra ho har vore med. Ho har vore i viktig  
inspirasjonskjelde i arbeidet i Møre og Romsdal Sau og Geit.**

